

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 23.1.2009  
**Stad:** Gol, Solstad Hotell

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Terje Moen.  
Rådmannsutvalet deltok i sak 04 og 05

---

### SAK 01/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 19.12.2008

#### Vedtak

Møteprotokoll 19.12.2008 2008 vart vedteke.

### SAK 02/09 UTTALE, FORVALTNINGSPLAN RV7/RV52

#### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil presisere at forvaltningsplan for Rv7/52 skal vera eit hjelpemiddel for at planlagt og prioritert utvikling i Hallingdal kan gjennomførast. Utgangspunktet for forvaltningsplanen må vera å skape ei forståing hjå sentrale styresmakter for samanhengen mellom ynskt distriktsutvikling og nasjonale satsing på reiseliv, sett i forhold til dei behov Rv7 og Rv52 har.
2. Regionrådet for Hallingdal foreslår at det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Statens vegvesen Region Sør, Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, som har som oppgåve å følgje opp intensjonane til forvaltningsplan for Rv7/52.

### SAK 03/09 ORIENTERING OM AKTUELLE REGIONALE PROSJEKT

Dagleg leiar og medlemmer i Regionrådet orienterte om aktuelle prosjekt Regionrådet arbeidar med eller er involvert i.  
Eigen presentasjon er lagt ved møteboka.

### SAK 04/09 ORIENTERING OM SLT I HALLINGDAL

Prosjektleiar for SLT i Hallingdal, Ole Reidar Lågrinn orienterte primært om status for MOT-arbeidet i kommunane og aktuelle tiltak. I tillegg vart det orientert kort om SLT-arbeidet.

## **SAK 05/09    UTGREIING SAMARBEID BARNEVERN HALLINGDAL - ORIENTERING**

I sak 55/08 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

*Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet utgreie felles barnevernsteneste eller nærare samarbeid om barnevernstenestene for heile Hallingdal, utgangspunktet må vera ei best mogeleg barnevernsteneste, men innanfor dagens økonomiske rammer.*

*Regionrådet ber og om at rådmannsutvalet gjer ei nærare avklaring i forhold til eit eventuelt ressurscenter for Bufetat i Hallingdal.*

Trond Kleppen, som rådmannsutvalet har engasjert til å gjera utgreiingane, orienterte om dei arbeidet. Rådmannsutvalet skal koma med si innstilling og Regionrådet skal handsame saka i februar møte, før den går vidare til kommunane.

## **SAK 06/09    TILFLYTTINGSPROSJEKT - VAL AV REPRESENTANTAR TIL STYRINGSGRUPPE**

### **Vedtak**

Til det to-årig tilflyttingsprosjekt, basert på konsept til Placement Utvikling AS vart Oddvar Grøthe og Knut Arne Gurigard valt til Regionrådet sine representantar i styringsgruppa.

## **SAK 07/09    HEIMEVERNET - MANGLANDE TRENING**

Ut frå budsjett for 2009 vil Heimevernet sin treningsaktivitet bli vesentleg redusert.

I tillegg til at Heimevernet spelar ein militære rolle skal Heimevernet vera ei støtte til det sivile samfunn og ved krisehandtering.

Kommunane har motteke brev frå Distriktsrådet HV-03, der det er bekymring for situasjonen med manglande treningsaktivitet.

### **Vedtak**

Dagleg leiar lagar forslag til uttale.

## **Samarbeidsutvalet mellom Ringerike sykehus HF/Hallingdal sjukestugu og kommunane i Hallingdal.**

Etter det ordinære regionrådsmøte var det årlege møte mellom Regionrådet/Rådmannsutvalet og Samarbeidsutvalet mellom Ringerike sykehus HF / Hallingdal sjukestugu og kommunane i Hallingdal.

Følgjande presentasjonar er lagt ved møteboka:

- Utfordringer 2009 RSHF- SU- Hall 23 01 ved Reidar Aasheim
- Samarbeidsutvalet, orientering om arbeidet ved Øystein Lappegard

Ål 10.2.2009

Knut Arne Gurigard  
Regionrådet for Hallingdal  
Dagleg leiar

Vedlegg